




Kultur- og kyrkjedepartementet
Kyrkjeavdelinga
Postboks 8030 Dep

0030 OSLO



Dykkar ref.: 2006/2706 Ki A.: 003.75

Bergen 23. oktober 2006

NOU 2006:2 Om Staten og Den norske kyrkja – høyring

Norsk Lærerakademi Bachelor- og masterstudier (NLA BM) takkar for høvet til å gje ei høyringsfråsegn til NOU 2006:2. Det er Høgskulerådet som på vegne av NLA BM har handsama saka.

Med helsing

Egil Morland
Rektor

Vedlegg: Høyringsfråsegn og svarskjema

NOU 2006:2 Staten og Den norske kirke

Norsk Lærerakademi Bachelor- og masterstudier, vil takka for høvet til å koma med ei fråsegn om **NOU 2006:2 Staten og Den norske kirke** (Gjønnes-utvalet). Høyringsinstansane er bedne om å kryssa av for ulike svaralternativ til nokre spørsmål. Det blir gjort på eige skjema, og kort kommentert på slutten av denne fråsegna.

Det er likevel viktig først å presentera nokre element i eit meir prinsipielt heilskapssyn, som standpunkta i dei konkrete spørsmålsstillingane kan sjåast i samanheng med. Vårt utgangspunkt vert å seia noko om korleis vi forstår *kyrkja*, og at denne forståinga må ha konsekvensar for relasjonen til staten.

1. Prinsipielle føresetnader

Mandatet for Gjønnes-utvalet var å laga ei utgreiing som kunne gje grunnlag for å avgjera kyrkja sitt framtidige hopehav med staten. Det låg ikkje i mandatet at ein skulle greia ut teologiske spørsmål (s 35), men likevel vart det lagt til grunn "at Den norske kirke fremdeles skal være en bekjennende, misjonerende, tjenende og åpen folkekirke". Det er ikkje utan vidare lett å halda desse kjenneteikna ved kyrkja saman, og dei kan koma i eit spenningsforhold til kvarandre. Vi hadde gjerne sett at utgreiinga, slik Kyrkjerådet sitt utval (*Samme kirke – ny ordning*, 2002) gjorde det, hadde teke utgangspunkt i vedkjenninga sine utsegner om kyrkja som éi, heilag, allmen (katolsk) og apostolisk. I denne forståinga finst det ikkje grunnlag for å krevja plass for eit kvart standpunkt som teologisk legitimt i folkekyrkja, (slik det jamnleg skjer når det vert flagga med vignetten "åpen". Denne karakteristikken vert då styrande for dei andre tre). Den augsburgske vedkjenninga (art VII) seier at kyrkja er *forsamlinga* der Ordet vert rett forkynt og sakramenta retteleg forvalta. Dermed er det gitt hjelp til å avgjera om ei kyrkje med rette eller urette kan kallast ei folkekyrkje. Kyrkja vil alltid streva etter å femna om alle. Korvidt ein lukkast, må vurderast både etter sosiologiske og teologiske kriterier. Det finst både historiske, kulturelle og åndelege grunnar til å hevda at Den norske kyrkja har vore ei folkekyrkje.

Vi legg denne forståinga av kyrkja til grunn, og vil svara på dei konkrete framlegga frå Gjønnesutvalet ved å stilla spørsmålet: Fremjar eller hindrar dei ulike alternativa som utvalet skisserer, at kyrkja kan arbeida ut frå sin (teologiske) eigenart?

Det ligg i sakas natur at det ikkje er likegyldig kva ordning kyrkja har. Det vil alltid vera ein eller annan samanheng mellom kyrkjesynd og kyrkjeordning. Ordninga kan tilsløra eller tydeleggjera kva kyrkja er og kva oppdrag ho har. Kravet om at kyrkja framleis skal vera ei "open" folkekyrkje (jfr. mandatet) kan gjera at framleis stor *oppslutnad* vert viktigaste suksesskriteriet.

Valordninga kan vera eit døme på dette. Når dei kyrkjelege vala alltid har funne stad i tilknytnad til gudstenesta ("forsamlinga"), er det ekklesiologiske, meir enn strategiske, grunnar for det. Men kritiske spørsmål om kyrkjevala sin legitimitet når valdeltakinga er låg, er gjerne grunna i ei anna oppfatning: nemleg i at vala må vera *representative* for heile medlemsmassen. Det er lett å laga ordningar som aukar deltakinga, t.d. ved at medlemene kan røysta over internett eller sms, eller ved at det vert teologisk eller politisk motiverte listealternativ. Men slike ordningar vil ikkje kunna halda fast på sambandet mellom gudstenestestad og valforsamling.

På same måten kan spørsmålet om finansiering av kyrkja ha både strategiske (t.d.: Risikerer kyrkja medlemsflukt om "kyrkjeskatt" vert innført?) og teologiske implikasjonar, og ikkje alle er like legitime – kyrkjeleg sett. Som ein hovudregel vil vi seia ja til (ny)ordningar som vernar om kyrkja si sjølvforståing, og nei til slike som hindrar kyrkja i å stå fram som det ho etter sitt vesen er. Det å sikra brei oppslutnad, kan ikkje i seg sjølv vera avgjerande for kva ordningar ein vel.

2. "Statskyrkja" har endra karakter

I all hovudsak forkludrar statskyrkjesystemet – i *dagens* situasjon – denne forståinga av kyrkja. Grunnloven byggjer på den eine sida på prinsippet om folkesuvereniteten. Samstundes vart – med røter i eineveldet – kyrkjestyret gjort til Kongens føre-rett ("prerogativ"). Det er Kongen, og ikkje regjeringa (i eit parlamentarisk system), som talar og handlar i kyrkjeleg statsråd. Her er det bygd ein inkonsekvens inn i Grunnlova som var til å leva med, så lenge det ikkje var eit problem i praksis. Men innføringa av parlamentarismen, og seinare den allmenne samfunnsutviklinga, har ført til at "alle" i dag meiner systemet i seg sjølv er anakronistisk. Kriteriet for val av kyrkjestatsråd skulle t.d. vera at hans/hennar fremste oppgåve er å "bekjende, haandhæve og beskytte" (§ 4) den evangelisk-lutherske religion. Men dette svarar korkje til folks oppfatning av situasjonen, eller til den sjølvforståing regjeringa har. Ein kyrkjestatsråd kan t.d. seia at det er hans *politiske* mål å sikra ei brei og open folkekyrkje. Men mandatet til å styra kyrkja kjem ikkje frå politiske val eller – prinsipielt sett – frå Stortinget.

Høgsterett slo elles i 1983 fast at § 2 i Grunnloven ikkje set skrankar for samfunnets lovgjeving utanfor det kyrkjelege området. Denne paragrafen har nok i generasjonar vore sett på som samfunnets "føremålsparagraf". Det kan ein ikkje lenger med nokon som helst rett hevda er tilfelle.

I juridisk og statsrettsleg forstand kan det hevdast at statskyrkjesystemet har utvikla seg frå "problematiske" til "prinsipielt umogleg". I moderne tid (som likevel gjeld lenger enn 100 år attende), har trusfridoms- og jamstillingsideala forsterka denne utviklinga, og gitt ny kraft til kravet om endra – eller andre – relasjonar mellom kyrkje og stat.

Når somme hevdar at poenget med statskyrkja er å sikra trusfridommen *i* (eller innanfor) Den norske kyrkja, ligg det implisitt i det at denne kyrkja ikkje nyt godt av den same fridommen som andre trus- og livssynssamfunn har (sjå m.a. dei prinsipielt viktige synspunkta som *Humanetisk Forbund* gjev uttrykk for i si høyringsfråsegn, s. 2, med tilvising til Gjønnes-utvalet s. 74)).

3. Religionsfridom – og aktiv religionspolitikk

Vi sluttar oss til nokre berande prinsipp som også var sterkt framme i Kyrkjerådet si utgreiing om det framtidige tilhøvet mellom stat og kyrkje.

a. Det fyrste er lik handsaming av alle trus- og livssynssamfunn, jfr. det som er skrive ovanfor.

Religionsfridomsprinsippet har i meir enn 100 år vore eit høgt verdsett ideal innan reformrørsla i den "offisielle" kyrkja, like frå det friviljuge kyrkjelege landsmøtet i 1906 gjorde vedtak om å arbeida for ei "fri folkekyrkje". På sett og vis er religionsfridom berre den andre sida av sjølvstende for alle trussamfunn. Der fridommen ikkje er til stades, kan heller ikkje sjølvstendet eiga rom. Det er nok historisk sett gode grunnar for påstanden om at

statskyrkjeordninga har favorisert Den norske kyrkja. Men i dagens situasjon (jfr. siste avsnitt i pkt. 2 ovanfor) kan det hevdast at dette systemet ikkje gjev kyrkja same fridommen som andre trussamfunn har. Den heilt aktuelle diskusjonen om utnemning av biskopar i tråd eller konflikt med resultatet i den kyrkjelege røysteprosessen, kan illustrera dette.

b. Det andre er ønsket om at staten framleis skal føra ein aktiv religionspolitikk.

Dette idealet tyder at staten ikkje skal sjå på praktisering av religion som noko negativt. Vi kjenner til at samfunn, som alle har "skilt" mellom stat og kyrkje/ religion, kan praktisera ein svært ulik religionspolitikk. Denne kan variera frå negativ og ateistisk propaganda, til ein positiv og aktivt støttande praksis, der kyrkjene vert verdsette som viktige samfunnsinstitusjonar.

Det er dette siste vi trur at dagens og morgondagens samfunn, som står overfor store utfordringar i det sosiale og mellomfolkelege samkvemet, treng.

c. Det tredje gjeld Den norske kyrkja meir spesifikt: Ei framtidig kyrkjeordning bør, så langt råd er, ha ei lokal forankring.

Dette prinsippet svarar til tankegangen i den noverande *Lov om Den norske kirke* (soknet som rettssubjekt). Og det fokuserer på det som har gjort den evangelisk-lutherske kyrkja i Noreg til ei folkekyrkje i vid og rett forstand: Ho har vore til stades og tilgjengeleg overalt i riket. Slik har ho prega folk, kultur og historie på eit vis som ikkje kan overvurderast. Det må vera ei viktig målsetjing for ei fri folkekyrkje at denne gode arven kan førast vidare.

Samtalen om framtidens kyrkjeordning dreg gjerne fram dei lange linjene i landets historie. Det vert peika på at kristendommen kom med det store sedskiftet – til det gode – for folket. Eit "skilje" mellom stat og kyrkje vert stundom framstilt som eit farvel til denne *historia*. Men det treng ikkje vera rett. Ei nyordning kan like gjerne vera eit uttrykk for den gode kontinuiteten i folkets liv, som det er eit brot med fortida. Ei nyordning av hopehavet mellom stat og kyrkje vil nettopp vera eit forsvar for "kristne dygder" i eit multikulturelt og -religiøst samfunn, og ikkje eit farvel til desse.

4. Til einskildpunkt i høyringa

NLA BM vil uttrykkja sterk kritikk mot utforminga av spørjeskjemaet (dei åtte spørsmåla). Alternativa i spørsmål 2 er unyanserte, men fungerer likevel styrande for resten av spørsmåla. Eit anna utgangspunkt her kunne gitt Kyrkjemøtet og Departementet meir informasjon. Det låg i mandatet for Gjønnens-utvalet ein føresetnad om at Den norske kyrkja framleis skal vera ei folkekyrkje.

I spørsmål 5 vert det spurt om korleis "demokratiet" skal vere, utan at omgrepet er innhaldsbestemt. I spørsmål 6 er det mogleg å kryssa av for – under føresetnad av at statskyrkjeordninga vert avvikla! – at § 2 (eller ein annan paragraf (i Grunnloven!) kan innehalda at Den norske kyrkja er ei evangelisk-luthersk kyrkje. Dette er den reine meningsløyse.

Vidare: Føreset dei to siste spørsmåla også den føresetnaden at statskyrkjeordninga vert avskaffa? Det er det ikkje sagt noko om, men det fell naturleg å tru det. Korleis kan ein då koma på den tanken at kyrkjebygga skal vera eigde av *kommunen* – som er eit av svaralternativa?

Konsekvensen av at spørsmåla er formulerte slik, vil heilt sikkert gje ei svarfordeling utan indre samanheng.

*

Når det er sagt, gjev vi fylgjande korte grunngjeving for dei avkryssingane som går fram av skjemaet:

a. Lovforankra – eller fri – folkekyrkje?

Vi sluttar oss til fleirtalet i Gjønnnes-utvalet, og argumentasjonen ovanfor fører mest naturleg til at Den norske kyrkja, bør vera forankra i same lov som andre trussamfunn (slik mindretalet innanfor fleirtalet gjer framlegg om). Dette er likevel ikkje det mest avgjerande. Det er gode historiske grunnar til å markera kontinuiteten av kyrkja sitt nedslag i det norske samfunnet ved ein eigen kyrkjelov, vedteken av Stortinget. Dette kan vi subsidiært slutta oss til.

b. Finansiering

Prinsippet om ein aktiv religionspolitikk, og dei store kulturelle/nasjonale oppgåvene kyrkja framleis vil ta på seg, gjer det naturleg at finansieringa skjer i ein kombinasjon av offentleg støtte og "noe medlemsavgift". Her sluttar vi oss til fleirtalet si tilråding.

c. Valordning

Med tilvising til det som er skrive ovanfor, vert vår tilråding at valordninga vert om lag som i dag.

d. Verdiparagraf

Også med ei nyordning/avvikling av statskyrkja, bør § 2 eller ein tilsvarande paragraf ha ein referanse til det kristne og humanistiske (ikkje forstått som motsetnader) verdigrunnlaget.

e. Gravferdsforvaltinga

Gjønnnes-utvalet argumenterer godt for at dette bør vera eit kommunalt ansvar, og vi sluttar oss i prinsippet til dette. Men slike framlegg har også kome i tidlegare utgreiingar, og likevel vart forvaltinga lagt til kyrkja. Dette har fungert framifrå godt. Dei fleste lokalsamfunn vil finna det naturleg om denne ordninga held fram.

f. Kyrkjebygga

Den lokale kyrkja må (framleis) eiga kyrkjebygga. Spørsmålet om det er kommunen eller kyrkja som skal ha det økonomiske ansvaret, heng på det nøyaste saman med måten kyrkja elles vert finansiert på.

Staten og Den norske kirke – Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans: Norsk Lærerakademi, Bachelor- og masterstudier

Type høringsinstans

- ☐ Kommune
- ☐ Menighetsråd/kirkelig fellesråd/bispedømmeråd
- ☐ Prost/biskop
- ☐ Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- ☐ Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- ☐ Annen offentlig instans
- ☒ Annen privat instans

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

- Aktiv og positiv religionspolitikk
- TRUSFRIDOM

2. Den norske kirke som statskirke:

- ☐ Bør fortsette
- ☒ Bør avvikles
- ☐ Vet ikke / ønsker ikke å svare

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- ☐ Grunnloven
- ☐ Egen kirkelov vedtatt av Stortinget
- ☒ Lov om trossamfunn
- ☐ Vet ikke / ønsker ikke å svare

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- ☐ Gjennom medlemsavgift
- ☐ Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- ☒ Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
- ☐ Offentlig finansiering uten medlemsavgift
- ☐ Vet ikke / ønsker ikke å svare

5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

- ☒ Valgordningene bør være som i dag
- ☐ Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttede organer
- ☐ Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

PRINSIPIELT SETT BØR RØYSTERETTEN VERA BASERT PÅ EI ERKLÆRING
OM TILSLUTNAD TIL OG LOJALITET MOT KYRKJA SITT LÆREGRUNNLAG

6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- ☐ Ingen tillegg
- ☐ De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene
- ☒ Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget
- ☐ Det humanistiske verdigrunnlaget
- ☐ At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke
- ☐ Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

- ☐ Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellesråd)
- ☒ Kommunen
- ☐ Vet ikke / ønsker ikke å svare

8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?

- ☐ Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- ☒ Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret
- ☐ Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- ☐ Vet ikke / ønsker ikke å svare

Til pkt 7: Kommunen sitt hovudansvar kan delegerast til kyrkja der det er naturleg, og det må framleis vera slik at kyrkjegardar (som er ei nemning det er naturleg å bruka; ikkje ved nokon andre kasualia er det så stor oppslutnad frå folket) skal vigslast. Det må vera hovudprinsippet, og så kan evt felt haldast utanom.